


# SENSORRETLEIING

<b>Emnekode:</b>	LMBNOR402 Fleirspråklegheit (GLU 1–7) LMUNOR402 Fleirspråklegheit (GLU 5–10) LUMNOR404 Fleirspråklegheit (MANO heiltid og deltid)
<b>Emnenamn:</b>	<i>Fleirspråklegheit</i>  Obligatorisk emne i fagfordjuping i norsk på masternivå på Grunnskolelærerutdanning (GLU) 1–7 og 5–10.  Obligatorisk emne i Masterstudium i norsk i skolen (MANO)
<b>Eksamensform:</b>	<i>Eksamensforedrag</i>  Over sjølvvalt tema innanfor dei faglege rammene for emnet.  20 minutt foredrag + 5–10 minutt til spørsmål/diskusjon, opent for medstudentar og andre interesserte tilhøyrarar.
<b>Dato:</b>	31. mai – 1. juni – 2. juni 2023
<b>Faglærer(ar):</b>	Åshild Søfteland (emneansvarleg), Jessica P.B. Hansen, Kristin Hagemann, Linda Evenstad Emilsen  Ansvarleg for praksisoppfølging: Leif Erik Vold Gjesteforelesar for MANO: Rafael Lomeu Gomes (UiO) Vurdering av grammatikk-arbeidskrav: Bahra Rashidi (UiO)
<b>Eventuelt:</b>	Lenke til emnebeskrivingar:  GLU 1–7: <a href="http://www.hiof.no/studier/emner/lusp/lusp/2023/var/lmbnor40217.html">www.hiof.no/studier/emner/lusp/lusp/2023/var/lmbnor40217.html</a> GLU 5–10: <a href="http://www.hiof.no/studier/emner/lusp/lusp/2023/var/lmunor40217.html">www.hiof.no/studier/emner/lusp/lusp/2023/var/lmunor40217.html</a> MANO: <a href="http://www.hiof.no/studier/emner/lusp/slik/2023/var/lumnor40417.html">www.hiof.no/studier/emner/lusp/slik/2023/var/lumnor40417.html</a>



## **Om emnet *Fleirspråklegheit***

*Dette emnet skal gi avansert kunnskap om fleirspråklegheit og andrespråkstematikk. Vi drøftar kva det vil seie å vere fleirspråkleg og å vekse opp med eitt eller fleire førstespråk. Kunnskap om korleis barn og unge utviklar andrespråket sitt vil bli spesielt vektlagt. Det blir også lagt opp til studium av språktypologi, for betre å kunne analysere variasjonar i språkinnlæring. Emnet skal gi innsikt i fleirspråklegheit som ressurs og utfordring, og korleis ein i klasserommet betre kan legge til rette for undervisningsformer som reflekterer eit språkleg og kulturelt mangfald.*

Studentane har hatt to obligatoriske oppgåver knytt til emnet:

**1. Grammatikk med fleirspråkleg tilnærming (2–4 sider)**

Drøfting av V2 i norsk og i eit typologisk perspektiv + grunnleggjande setningsanalyse av data frå ei samtale mellom to unge menn frå Oslo aust, inkl. samanlikning med eiga språkkjensle

**2. Abstrakt til eksamensforedraget**

Grupperettleiing/medstudentrespons på førsteutkast, seinare innsending av revidert versjon. Abstrakt blir offentleggjort i samband med eksamen, men vil da allereie vere vurdert som godkjend, og skal ikkje takast med i vurderinga på eksamensdagen.

**Eksamensforma** er ein individuell munnleg eksamen i form av konferanseforedrag på ca. 20 minutt med påfølgjande høyring på inntil 10 minutt. Foredraget skal ta utgangspunkt i eit sjølvvalt tema innanfor dei faglege rammene for emnet. Både fagleg innhald og framføring blir vurdert. Konferanseforedraget er opent for medstudentar og andre tilhøyrarar.

## **Viktig bakgrunn**

Målgruppa for eksamensforedraget er medstudentar (eller lærarar) på same faglege nivå.

Førebuingane til foredraget inkluderer mykje sjølvstendig arbeid for studentane. Utover den nemnte grupperettleiinga/responsgrupper og kort skriftleg tilbakemelding på første abstraktinnlevering, blei det gitt éi individuell rettleiingsøkt rundt 10 dagar før eksamen.

Vi har opna for at studentar kan samle inn eigne data til dette foredraget utan melding til NSD/Sikt så lenge det ikkje blir gjort opptak av lyd/video og det er gitt munnleg samtykke, og ikkje samla inn eller delt andre sensitive personopplysingar.

## Vurdering

I karaktersettinga skal det vurderast i kva grad kandidaten kan:

- trekke inn relevant faglitteratur og bruke fagtermar på ein formålstenleg måte
- gjere faglege refleksjonar og resonnement
- trekke koplingar mellom faglege/teoretiske perspektiv og konkrete utfordringar/ eksempel frå praksisfeltet
- vere klar og tydeleg i presentasjonen, avgrense tematikken og disponere tida på formålstenleg vis, og gi definisjonar, forklaringar og bakgrunnsinformasjon der det trengst
- strukturere stoffet slik det er vanleg i ein fagleg–vitskapleg samanheng, som f.eks. eit konferanseforedrag (presentere problemstilling, teori, metode, resultat og drøfting)
- følge vanlege krav til akademisk framstilling med henvisningar undervegs og referanseliste til slutt

Dersom det er vesentlege manglar i foredraget vurdert opp mot desse kriteria, vil kandidaten ikkje få godkjend karakter.

Karakterregel A–F:

*Nynorsk:*

Symbol	Nemning	Generell, kvalitativ, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Kandidaten syner særleg god vurderingsevne og stor av grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Kandidaten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten syner lite vurderingsevne og lite sjølvstende.
F	Ikkje greidd	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Kandidaten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

## Forventa læringsutbytte for emnet

### *Kunnskap*

Kandidaten har

- inngående kunnskap om fleirspråklegheit på individivå, og kunnskap om fleirspråklegheit på samfunnsnivå
- avansert kunnskap om korleis barn og unge utviklar eit andrespråk
- kunnskap om kva det vil seie å undervise i klassar med fleirspråklege elevar på barnetrinnet, og korleis ein kan nytte fleirspråklegheita som ein ressurs
- kunnskap om språktypologi og relevante grammatiske språktrekk
- kunnskap om arvespråk og minoritetsspråk generelt, og spesielt om samisk i Noreg

### *Ferdigheiter*

Kandidaten kan

- plassere norsk språktypologisk og analysere det kontrastivt til andre språk

#### *Spesifikt for GLU 1–7 og 5–10:*

- tilpasse undervisning i lesing og skriving til elevar som har norsk som andrespråk
- vurdere ulike kartleggingsverktøy og kartlegge og analysere språkutviklinga til elevar med norsk som andrespråk
- bruke teoretisk innsikt til å reflektere over undervisningspraksis i klasserom prega av språkleg og kulturelt mangfald

#### *Spesifikt for MANO:*

- kan kartlegge og analysere språkutviklinga til elevar med norsk som andrespråk
- kan planlegge og gjennomføre eit foredrag som viser sjølvstende innanfor det fleirspråklege fagområdet

### *Generell kompetanse*

Kandidaten

- kan delta i relevante faglege og didaktiske diskursar med fagled tyngd, og kan kommunisere om faglege spørsmål knytt til fleirspråklegheit
- har kompetanse til å fungere som ressursperson når det gjeld andrespråksundervisning og tilrettelegging for minoritetsspråklege elevar i skolen

#### *Spesifikt for MANO:*

- kan bruke teoretisk innsikt til å reflektere over undervisningspraksis i klasserom prega av språkleg og kulturelt mangfald

## Litteratur (pensumliste til undervisninga i emnet)

### Bøker

Eide, K. (2022). *Språket som superkraft*. Fagbokforlaget/LNU.

Næss, Å. (2019). *Global grammatikk. Språktypologi for språklærere*. Gyldendal akademisk.

Selj, E. & Ryen, E. (red.). (2019). *Med språklige minoriteter i klassen. Språklige og faglige utfordringer*. Cappelen Damm akademisk.

Svendsen, B.A. (2021). *Flerspråklighet til begeistring og besvær*. Gyldendal akademisk.

### Artiklar og enkeltkapittel

Abrahamsson, N. (2009). Modersmålets inflytande: dess manifestasjoner, begrænsninger og orsaker. I Abrahamsson: *Andrespråksinl ring* (s. 235-253). Studentlitteratur.

Anderssen, M. & Westergaard, M. (2012). Tospr klighet og ordstilling i norske possessivkonstruksjoner. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 30, 170-197.

De Meulder, M. & Hualand, H. (2021). Sign language interpreting services: A quick fix for inclusion? *Translation and Interpreting Studies*. *The Journal of the American Translation and Interpreting Studies Association*, 16(1), 19-40.

Emilsen, L.E. & S fteland,  . (2018). Andrespr ksanalyser av barns spontantale. *NOA Norsk som andrespr k 1-2*, 128-157.

Emilsen, L.E. & S fteland,  . (2020). L2 acquisition in a rich dialectal environment: Some methodological considerations when SLA meets dialectology. I Edmonds, Leclercq & Gudmestad (red.), *Interpreting language-learning data* (s. 9-38). Language Science Press.

Gujord, A.K.H., Neteland, R. & Sel s, M. (2018). Framvekst av morfologi, syntaks og ordforr d i tidleg andrespr ksutvikling – ein longitudinell kasusstudie. *NOA – norsk som andrespr k*, 1-2, 93-127.

Johansen, I. (2019). ‘But they call us the language police’. Speaking and ethnic identifying profiles in the process of revitalizing the South Saami language, culture and ethnic identity. I Hermanstrand, Kolberg, Nilssen, Sem (red.), *The indigenous identity of the South Saami : historical and political perspectives on a minority within a minority* (s. 29-46). Springer.

Krulatz, A., Dahl, A. & Flognfeldt, M.E. (2018). *Enacting multilingualism*. Cappelen Damm Akademisk. (s. 121-161). 10. The multilingual turn in the teaching of English. / 11. Translanguaging as a classroom pedagogy. / 12. Strategies-based instruction in a multilingual classroom.

Lane, P. (2010) “We did what we thought was best for our children”: a nexus analysis of language shift in a Kven community. *International Journal of the Sociology*, 63-78.

MacSwan, J. (2017). Multilingual perspectives on translanguaging. *American Educational Research Journal*, 54(1), 167-201.

Sollid, H. (2019). Språklig mangfold som språkpolitikk i klasserommet. *Målbryting*, 1-21.

Sunde, A. M. (2016). 'Inspect kniven i inventoryen min'. Språklig praksis i et nytt domene. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 34, 133-160.

Søfteland, Å., Putnam, M. & Hjelde, A. (2021). Variation in infinitive markers in American Norwegian. I: Søfteland & Hjelde (red.), *Selected proceedings of the 10th workshop on immigrant languages in the Americas (WILA 10)*, (s. 60-68). Cascadilla Proceedings Project.

Tonne, I. & Pihl, J. (2013). Andrespråkseleven, leseprøver og litteraturbasert leseopplæring. *Nordand – nordisk tidsskrift for andrespråksforskning*, 8(1), 91-114.

### **Ekstra pensum til MANO når GLU er i praksis:**

#### ***Fleirspråklege familier***

Lexander, K.V. (2020). Norsk som digitalt samhandlingsspråk i fire familier med innvandrerbakgrunn – identitet og investering. *Nordand*, 1, 4-21.

Johnsen, R.V. (2022). Norsk som en del av et flerspråklig familierepertoar i en trespråklig familie. *NOA - norsk som andrespråk*, 38(1), 5-35.

#### ***Translanguaging for lærerlar***

Iversen, J.Y. (2020). Pre-service teachers' translanguaging during field placement in multilingual, mainstream classrooms in Norway. *Language and Education*, 34(1), 51-65.

Lomeu Gomes, R. & De Korne, H. (2022). Foreign-local teacher-learners in the digital classroom: Everyday translanguaging and pedagogical translanguaging in Norwegian higher education. *Journal of multilingual theories and practices* 3(1), 78-100.